



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Priv. til red.

Dato: 11.12.2019

Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner får ny rapport om forholda i vidaregåande skole

Tysdag 17. desember får statsråd Sanner hovudinsteling frå det offentlege utpeika Lied-utvalet. Rapporten tek for seg styrkar og svakheitar ved dagens organisering av den vidaregåande opplæringa både innanfor dei studieførebuande- og dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Utvalet kjem også med ein rekke tiltak, mellom anna at retten til vidaregåande opplæring bør utvidast til ein fullføringsrett.

Dei siste to åra har utvalet, leia av Ragnhild Lied, undersøkt utviklinga fram til dagens tilbod, organisering og ansvarsforhold. Utvalet slår mellom anna fast at fleire elevar meiner vidaregåande skole er for lik grunnskulen, og at det går på motivasjonen laus. Utvalet kjem med ei rekke forslag til tiltak som skal gjere elevane betre førebudde på dei utfordringane dei møter i arbeidsliv og vidare studiar seinare.

Tid: Tysdag 17. desember klokka 10.00-11.00
Stad: Edvard Munch Vidaregåande skole, Oslo

Det blir høve til å intervjuje Sanner, elevar og utvalsleiar.

Kontakt:

Journalistar som ønsker å vere til stades kan ta kontakt med kommunikasjonsrådgivar Kamilla Amundsen Willix på telefon 41649970 eller pr. e-post på kawi@kd.dep.no